



Hjelmås VVS AS
Leknesvegen 183
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5914 - 14/19510

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
28.08.2014

Søknad om utsleppsløyve for fritidsbustadar på gbnr 194/6 og 193/17 - trong for tilleggskokumentasjon.

Vi viser til søknad om utsleppsløyve for fritidsbustadar på gbnr 194/6 og gbnr 193/17 til felles slamavskiljar og utsleppsleidning til sjø. Søknadane er send inn som to separate saker, men kommunen finn det føremålstenleg å handsama søknadane som ei sak. Dersom dette ikkje er ønskjeleg ber vi om tilbakemelding.

Kommunen har gått gjennom saka og har følgjande merknader:

- Eigedomane ligg i uregulert område som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til byggeområdet for fritidsbustadar. Området er omfatta av det generelle kravet om utarbeiding av reguleringsplan før tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 og 20-2 kan gjennomførast, jf punkt 1.1 i føresegnene. Tiltaket ligg også innanfor byggjegrensa for funksjonell strandsone der det er eit generelt byggjeforbod. Tiltaket er følgeleg avhengig av dispensasjon både frå punkt 1.1 i kommunenplanen og byggjegrensa for funksjonell strandsone for å kunne godkjennast. Søknad om dispensasjon er ein skriftleg, grunngeven søknad. Det skal gå fram av nabovarselet at tiltaket krev dispensasjon. Dersom søkjar vurderer at ny nabovarsling ikkje er naudsynt er det mogleg å søkja om fritak. Søknaden om dispensasjon vert send på høyring til regionale styresmakter og Bergen og Omland Havnevesen.
- Ansvarleg søkjar har signert på vegne av tiltakshavar. Det må leggjast fram fullmakt.
- Utsleppet sin samla storleik i pe må gjevast opp, jf forureiningsforskrifta § 12-4.
- Det er eit vilkår for å gje utsleppsløyve at eigedomen kan knytast til den kommunale slamtømmeordninga på ordinære vilkår, jf krav til veg, avstand og løftehøgde. Det må dokumenterast at dette er mogleg. Dette kan gjerast ved bekreftelse frå føretaket Johnny Birkeland Transport AS som, har kontrakt på slamtømninga i kommunen, per dato.

Vi ber om tilbakemelding innan 15. oktober. Dersom vi ikkje har mottatt tilleggskommentasjonen innan fristen vert saka arkivert utan handsaming.



Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Atle Raa

Olav Bjørnevoll

Stemmeveien 22 5009

Øvre Flaktveit 14 5135

BERGEN

FLAKTVEIT

Mottakarar:

Hjelmås VVS AS

Leknesvegen 183 5915

HJELMÅS